

Sjøauren ved elveosenhardt råka av lus

25.06.2008



Tore Wiers og Gunnar Bakke Lehmann kan følge fisken på skjermen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

For tre veker sidan kunne ein lesa at det er lusealarm i Hardangerfjorden også i år. Sjøauren i ytre deler av fjorden er like hardt råka som i fjor av parasitten lakselus, varsla ein forskar. Diverre gjeld ein så nedslåande konklusjon også for den nederste delen av Uskedalselva.

To forskarar som no er i elva opplyser til uskedalen.no at det er veldig mye lus på smolten som står like ved elveosen – det vil seie årgangen som gjekk ut i sjøen i fjar. Det er også mye lus på årgangen frå året før, som kallast blenkle.

Tore Wiers og Gunnar Bakke Lehmann frå LFI-UNIFOB (Universitetet i Bergen) dukka i det dei kalla brakkvatnsona for tre veker sidan og observerte då 350 fiskar, alle med svært mykje lus. Onsdag morgen kan dei konstatera at det er litt mindre, men fisken er på ingen måte kvitt lusa. På morgonkvisten har dei i tillegg til all den mindre fisken merka seg ein truleg tre år gammal aure som er heilt full av lus.

- Og det store poenget er jo at smolten slett ikkje skulle ha stått her no. Her får den ikkje vekst. Den skulle ha vore ute i fjorden og feita seg opp på krepsdyr og anna. Men den søker opp i elva for å bli kvitt lusa, som ikkje kan overleva i ferskvatn, seier Wiers og Lehmann.

Onsdag morgen monterte dei tre kameraer. Dei svømmer i elva og teller fisk i tillegg, men kameratellinga gjev sikrare tal og dessutan vil dei kunne visa opptaka.

Det er ingen tvil om kor dei to forskarane vil plassere ansvaret for tilstanden – det er hos oppdrettsnæringa og berre hos den. Og dei gjev nokså reservasjonslaust uttrykk for at med dei store inntektene næringa har burde den også ha råd til å setta inn raskare og meir effektive tiltak for å ta knekken på luseplaga. Det kan skje gjennom Hardanger Fiskehelsenettverk (HF) der oppdrettarane har samordna innsatsen mot lusa. Og det handlar både om overvakning av tilstanden og konkrete tiltak..

Kva er så lakslus? Det er ein liten krepseart som beiter hol på skinnet og altså skadar eller tek livet av fisken. Lusetilstanden betyr krise også for villaksen, fordi dette er tida då smolten skal vandre frå elvane og til havs for å vekse seg vaksen.

Ein tommelfingerregel seier at smolten stryk med om ti lus klarar å knipe seg fast til skinnet.

Av Ola Matti Mathisen



Forskarane i arbeid med å montere kamerautstyr i elva onsdag morgen. (Foto: Ola Matti Mathisen)